

Gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova og eigarseksjonslova - 2024

Satsane i regulativet er vedteke av kommunestyret 18. desember 2023, og gjeld frå og med 01.01.2024.

Dette regulativet er fastsett i medhald av matrikkellova (ML) § 32, matrikkelforskrifta (MF) § 16 og eigarseksjonslova § 7.

1.1 Oppretting av matrikkeleining ML § 5

1.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund ML § 5a og e	
Areal frå 0 -2000 m ² (typisk oppmåling og frådelling av bustad, hytte eller nausttomt)	24 750
Areal frå 2001 m ² – sats for «areal frå 0 - 2000 m ² » + auke pr påbegynt daa	1 925
Frådelling punkt feste, der feltarbeid ikkje er påkravd, minstegebyr 5 timar, sats 1.7.1	Medgått tid
Frådelling festetomt der grenser tidl. er koordinatfesta, minstegebyr 5 timar, sats 1.7.1	Medgått tid
1.1.2 Oppretting av anleggseigedom ML §§ 5c og 11, jf. MF § 29	
Volum frå 0 - 2000 m ³	24 750
Volum over 2000 m ³ - sats for «volum 0 – 2000 m ³ » + auke pr på starta 1000 m ³	1 925
1.1.3 Registrering av jordsameige ML § 14, jf ML § 28 og ML § 32	
Minstegebyr kr 2 400, satsar etter punkt 1.7.1	Medgått tid

1.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning ML § 6, 2. ledd, jf. MF §§ 18 og 25

1.2.1 Utsett frist for fullført forretning

Rekvirenten kan søkje om matrikulering med utsett frist for fullføring av oppmålingsforretninga. Søknaden skal vere ein del av rekvisisjonen eller som eiga sak. Gebyr for søknad om utsett fullføring som eige sak. Fakturering elles etter satsane for aktuelle sak, jf. pkt. 1.1.1, 1.1.2.

Utsett frist for fullført forretning	
Søknad om utsett fullføring som eige sak	1 100

1.2.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Dersom ei sak vert trekt før fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre pga. endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast.

Del av ordinært gebyr	
Ved avbrot før arbeid er påbegynt i felt	1/3
Ved avbrot etter arbeid er påbegynt i felt	2/3

1.3 Grensejustering

1.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige (inntil 5 %, maksimalt 500 m²)	
Areal frå 0 - 500 m ²	15 290
1.3.2 Anleggseigedom (inntil 5% av anleggseigedomens sitt volum, maks. 1000 m³)	
Grensejustering anleggseigedom vert fakturert etter satsar pkt. 1.7.1	Medgått tid

1.4 Arealoverføring

1.4.1 Arealoverføring av grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Rettar, pant mm. skal vere avklara og rydda før gjennomføring. Arealoverføring utløyse dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Gebyr vert fakturert som punkt 1.1.1 med unntak av areal inntil 500 m² som følgjer same grunnsats som punkt 1.3.1. Ekstra tidsbruk kjem i tillegg etter medgått tid punkt 1.7.1

1.4.2 Arealoverføring av anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje være registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum. Gebyr vert fakturert som punkt 1.1.2 med tillegg for ekstra tidsbruk etter medgått tid punkt 1.7.1.

1.5 Klarlegging av eksisterande grense for grunneigedom, ML § 17 jf. MF § 36

1.5.1 Klarlegging av grenser som tidlegare er koordinatfesta i forretning	
Gebyr per grensepunkt	2 200
1.5.2 Klarlegging grenser som som ikkje tidlegare er koordinatfesta i forretning	
Gebyr for første grensepunkt	8 140
For overskytande punkt, per punkt	2 490
Der grensemerke ikkje kan finnast vert klarlegginga fakturert etter satsar pkt. 1.1.1	

Klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid etter satsar pkt. 1.7.1.

1.6 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn ML § 14, MF § 31 og oppretting	
Minstegebyr kr 5 065, satsar etter medgått tid pkt 1.7.1	Medgått tid
Krev forretninga oppmåling i terrenget skal gebyret fakturerast etter pkt 1.1.1	

1.7 Andre gebyr

1.7.1 Gebyr etter medgått tid		
Kontor timepris – minstegebyr to timesatsar	Pris pr time:	1 350
Felt timepris – minstegebyr to timesatsar	Pris pr time:	1 750
1.7.2 Utskrift matrikkellbrev		
Inntil 10 sider		220
Over 10 sider		400

1.7.3 Andre utlegg

Utlegg til tinglysingsgebyr, eventuelt dokumentavgift, pantefråfall og utskrifter utover det kommunen har fri tilgang til, kjem i tillegg til gebyr for den einskilde forretning.

1.8 Betalingsreglar

Gebyret skal betalast etter reglar og satsar på rekvireringstidspunktet. Rekvirenten er ansvarleg for at gebyret vert betalt.

Kommunen fullfører rekvisisjonar utan ugrunna opphald, normalt innan fristen på 16 veker. Ved grunngeve opphald, her inkludert opphald i samsvar med lokal forskrift (1. nov - 1. mai) forskuvar fristen seg.

Overskriding av fristen gjer 1/3 avkorting av gebyret.

Betaling kan krevjast før forretninga vert fullført. I slike tilfelle blir fristen for å fullføre rekvisisjonen avbroten til betaling skjer.

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, blir gebyret oppretthalde. Fører dette til meirarbeid i høve rekvirert sak, skal det betalast gebyr for medgått tid etter punkt 1.7.1.

Det skal ikkje betalast meiravgift på gebyr, med unntak av gebyr for medgått tid.

Formannskapet kan etter søknad dispensere frå reglane i dette gebyrregulativ.

1.9 Gebyr for arbeid etter eigarseksjonslova § 7

1.9.1 Eigarseksjonering	
Seksjonering av nybygg, ubebygd tomt, opptil 6 seksjonar	9 900
Seksjonering av nybygg, ubebygd tomt, over 6 seksjonar	13 650
Seksjonering/reseksjonering av eksisterande bygg opptil 6 seksjonar	11 750
Seksjonering/reseksjonering av eksisterande bygg, over 6 seksjonar	15 500
Oppheve seksjonar	4 290
Synfaring	2 950

For saker som krev oppmåling, kjem oppmålingsgebyr i tillegg. Gebyr for tinglysing kjem i tillegg.

1.9.2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon, eigarseksjonslova §§ 7 og 9, jf. MF § 35	
Areal frå 0-50 m ²	9 900
Areal frå 51-250 m ²	13 650
Areal frå 251-2000 m ²	15 950
Areal over 2000 m ² – sats for «areal frå 251-2000 m ² » + auke pr på starta daa	950

2.1 Iverksetting

2.1.1 Iverksettingstidspunkt

Saker kravd før gebyrregulativet trådde i kraft skal fakturerast etter gjeldande gebyr på rekvisisjonstidspunktet.

2.1.2 Regulering av satsane

Satsane etter regulativet vert regulert kvart år med dei forutsetningar som er lagt til grunn i kommunestyret sitt vedtak om kommunale avgifter og prisar i aktuelt budsjettår.